

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 13.05.2022, kl. 09:00-14:20
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

| | |
|-----------------------|------------|
| Ole Gunnar Krakhellen | Styreleiar |
| Anne Sissel Faugstad | Nestleiar |
| Aud Ingrid Espeland | Medlem |
| Reidar Sandal | Medlem |
| Thomas Vingen Vedeld | Medlem |
| Marit Hermansen | Medlem |
| Lena Thorsnes | Medlem |
| Randi Aven | Medlem |
| Ole-Magnus Kapstad | Medlem |
| Kari Sunde Kvile | Medlem |
| Marita Aarvik | Observatør |

Forfall

| | |
|--------------|------------|
| Ivar Eriksen | Medlem |
| Eiliv Berdal | Observatør |

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Helleseeth, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjølraug, kst. fagdirektør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Solveig Horstad Berget, stedfortreder direktør Medisinsk klinikk/avd.sjef
Dagrun Kyrkjebø, samhandlingssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Eva Herlø Sund Søgner, overlege

SAKLISTE

| Saksnr. | Sakstittel |
|------------------------|--|
| 022/2022 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| 023/2022 | Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.03.2022 |
| 024/2022 | Administrerande direktør si orientering |
| 025/2022 | Rapportering frå verksemda per april 2022 |
| 026/2022 | Økonomisk langtidsplan 2023-2027 |
| 027/2022 | Revisjon av inntektsfordelingsmodellen prehospitala tenester |
| Saker til orientering: | |
| 028/2022 | Samhandling – halvårleg rapportering |
| 029/2022 | Nye Førde sjukehus - løypemelding |
| 030/2022 | Eventuelt Skriv og meldingar |

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret og administrasjonen velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

STYREMØTE STARTA MED FAGLEG ORIENTERING

Overlege Eva Herlø Sund Søggen orienterte om:

Kven er den geriatriske pasienten?

Funn frå kvalitetsregister i geriatrisk kardiologi

Indremedisin omfattar organspesialistar og tverrgåande spesialistar.

Utfordringar:

- Geriatriske pasientar treng brei, systematisk og gjennomførbar kartlegging
- Akutte avdelingar er organisert etter organsjukdom
- Nasjonal helse- og sjukehusplan

Geriatrisk kardiologisk prosjekt fekk tildelt kr 200.000,- i såkornmidlar i 2020.

Prosjektet fekk tildelt regionale stimuleringsmidlar på kr 200.000,- i mai 2022.

Dei geriatriske pasientane har mange medikament og mange sjukdomar. Fysisk funksjon vert målt i ganghastigheit.

Målet med prosjektet:

- Bygge kompetanse i geriatri

- Stimulere til utdanning i geriatrifaget, både legar og sjukepleiarar
- Betre kartlegging og tiltak for akutt sjuke, skrøpelege eldre
- Enkel, men litt breiare geriatrisk vurdering
- Meir kunnskap om pasientgruppa
- Godt kvalitetsregister er grunnlag for framtidig forskning

Styret takka for ei interessant orientering, og gratulerte med tildelte midlar.

Sak 022/2022 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styrelen leia møtet og orienterte om dagsorden

- Styremøte hadde fagleg orientering
- Ivar Eriksen og Eiliv Berdal hadde meldt forfall. Marita Aarvik var innkalla som observatør
- Tre dokument vart utsendt til Skriv og meldingar
- Nye dokument utdelt/lagt på bordet:
 - Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast til Økonomisk langtidsplan for Helse Førde 2023-2027
 - Høyring – Ny konkurranse om ruteflygingar frå 1. april 2024
 - Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF 3. mai 2022

Adm. direktør Varden orienterte om synfaring etter styremøte, for å sjå på nye lokale sjukehusapoteket, vidare til Angabygget og Livabygget.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

Sak 023/2022 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.03.2022

Retting til vedtak i sak 012/2022: skal stå «..... per februar 2022»

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 18.03.2022, med ovannemnde retting i sak 012/2022.

Sak 024/2022 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker
2. Oversikt over aktuelle høyringar
3. Saker til oppfølging etter styremøte
4. Beredskap – status i Helse Førde

Adm. direktør Varden orienterte om:

Ukraina: Vi har pt ikkje fått pasientar frå Ukraina, gjennom det skisserte systemet

Status beredskap korona:

- Grøn beredskap avslutta 5. april – normal drift
- Besøksregulering – avgrensa tal besøkande
Besøkande som er sjuke må unngå å komme til sjukehusa våre
Held på smitteverntiltak medan framleis fleire er koranasjuka, og i tillegg ein god del influensasmitte i området
- Eit arbeid skal sjå på meir samorda retningslinjer for besøk til sengepostane i Helse Førde
- Pre-screening ved ØH pasientflyt – gjort til generisk prosedyre
- Kohortplanar – framleis klare til bruk

5. Tilsyn ved Barne- og ungdomsavdelinga

Avdelingsjef Horstad Berget orienterte om tilsyn med Barne- og ungdomsavdelinga, seksjon for barn og unge

Oppfølging etter tilsyn ved habilitering barn og unge

- To psykologar på plass 01.01.2022, inkl. fagleg rådgjevar for leiar
Alt etterslep innhenta frå tilsynssaka – alle pasientar har fått tildelt time og har ein plan
Nytilviste: Alle har fått time innan frist
- Arbeid med auka legeressurs pågår – avvege mot anna drift
- Tvang: sikrar oppfølging og kompetanse med dedikert fagperson som har hovudansvar
- Forbetring av etablerte rutinar og arbeidsflyt
- Samarbeid med andre einingar

Vurdering:

Utgreiing og behandling er forsvarleg og velfungerane utgreiingsløp på alle fagområde. Vidare arbeid med samarbeidsavtalene PBU og HAVO har starta.

6. Status ekstern turnover

HR-direktør Skjelten orienterte om ekstern turnover i Helse Vest. Dette er eit av risikoområda i Helse Vest, og det er gjort ei kartlegging.

Perioden januar 2015 – september 2021:

Tal turnover viser 3,7 % (årleg andel) i Helse Førde

Årsaker til turnover er m.a.:

- Flytting, arbeidsmengde, leiing, arbeidstider, turnus og låg bemanning

I Helse Førde må vi fokusere på desse yrkesgruppene:

- LIS-legar, psykologar og psykologspesialistar

I ettertid har adm. direktør hatt møte med psykologforeningen og legeforeningen om rekruttering.

7. Ny ambulanserbåt i drift

Direktør Guldhav orienterte om ambulanserbåtar – statusrapport.

No er første ambulanserbåt «Rosesol» på plass i Solund. Bilde av båten, innvendig og under fast, vart vist.

Reservebåten «Roselyn» vert no flytta til Florø, inntil den nye båten er klar.

Askvoll:

Har hatt god kommunikasjon med kommune. Beredskapsferja er på plass til Atløy. Kai plass er avklart. Plassering av beredskapsambulans er avklart. Godt samarbeid med omsyn til akutthjelpoordning.

Adm. direktør Varden fortalde at det kan bli aktuelt med styremøte i Florø når båten er komt på plass, då med ei omvisning.

Styreleiar Krakhellen presiserte at vi skal følgje opp heile den prehospitale planen.

8. Ny KAD-avtale Lærdal sjukehus

Stadleg leiar Øvrebø orienterte om ny KAD-avtale ved Lærdal sjukehus.

Ny avtale om ØHD-senger i Lærdal

Avtale var oppsagt 1. januar 2021 grunna:

- Overkapasitet - færre kommunar
- Delt pleie med kommunane
- Høgt belegg på sengeposten

Ny avtale trer i kraft 1. juni 2022:

Helse Førde tek over all pleie på ØHD-senger

- Pasientar lagt fritt i sengepost, frå fire til to senger
- Etablere møtefora – drifts- og faggruppe
- Brukar mal for ØHD-senger på Nordfjord sjukehus

Dette er ei lokal løysing. Kommunen har ansvar for legeressurs.

Adm. direktør Varden presiserte at dette er ein betre avtale for begge partar.

9. Status lærlingar

Utviklingsdirektør Kleiven orienterte om halvårleg rapport om lærlingar i Helse Førde.

Per no har vi totalt 26 lærlingar. Siste åra har ambulanselærlingar blitt trappa ned, det er trappa opp på helselærlingar. Vi har i tillegg lærling på kokk og portør.

Vi ser på opplegget for lærlingar, og jobbar med å auke tal lærlingar i Helse Førde. Vi ser på opplegg og idear for lærlingar i andre føretaka.

Bilder frå markering bestått helsefagarbeid vart vist.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 025/2022 Rapportering frå verksemda per april 2022

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapportering med si vurdering:

- Ventetid innan somatikk for pasientar som har starta behandling, har hatt ein betydeleg auke denne månaden (85 dagar, måltal 5). Ventetid for ventande er omlag uendra frå førre månad (62 dagar).
- Adm. direktør si vurdering er at total ventetid innan somatikk er altfor høg, men ar arbeidet med å redusere ventelista er begynt. Det er forventa at reduksjon i fråvær og normalisering i høve pandemien etterkvart vil gi ei betring i tala.
- Det vart registret 197 fristbrot i april (måltal 0), svarande til 6,7 prosent av dei med frist i perioden. Flest fristbrot var ved poliklinikkane nevrologisk, ortopedisk og hud.
- Resultat i perioden er negativt med -4,8 millionar, som er 7,3 millionar svakare enn budsjett. Til no i år er resultatet -15,3 millionar, som er 25,3 millionar bak budsjett.

- Meirforbruket på kostnader og tap i inntekt kan delvis forklarast med pandemien, men adm. direktør vurderer at det er reelt meirforbruk på underliggende drift.
- Sjukefråværet var 9,7 prosent i mars. Dette er høgt, og det er korttids-sjukefråværet som forklarar utviklinga.

Adm. direktør Varden uttrykte bekymring for økonomi, og vil kome tilbake med orientering til styret om korleis vi kan forbetre resultatet.

Kst. fagdirektør Kjørlaug orienterte om: Kvalitet og pasienttryggleik

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 75 dagar for somatiske avdelingar
- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden, viser 37 dagar for psykisk helsevern
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser 62 dagar for somatiske avdelingar
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt, viser 24 dagar for psykisk helsevern
- Fristbrot oppstått i perioden, viser 197 nye i april

Rapportering, iht årshjulet:

Helse Norges kvalitetsindikatorar:

- Hjerte- og karsjukdommar: andel pasientar 18 år og over innlagt med blodpropp som har fått behandling med trombolyse (akutt)
- Infeksjonar
- Operasjonar
- Diabetes
- Pakkeforløp kreft – del 1
- Andre indikatorar: psykiatri barn og unge, psykiatri voksne, rusbehandling
- Somatisk helse

Indikatorane viser at Helse Førde gjer det bra, men på nokre område må vi følge trenden over tid og oppfølging.

Styret etterspør:

Ei orientering til seinare om helsefelleskapet, korleis vi jobbar saman med kommunane. Nokre få utvalde kvalitetsindikatorar, korleis vi jobbar systematisk med dette.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Overordna pasientflyt per februar viser

| | | |
|------------------------|---------------------|---------------------|
| Nytilviste 5 677 (-4%) | Totaltø 46 688 (5%) | Avslutta 6 059 (5%) |
|------------------------|---------------------|---------------------|

Nytilviste til no i år er 4 prosent lågare enn same periode i fjor. Samtidig har vi avslutta 5 prosent fleire pasientkontaktar enn same perioden i fjor. Fokus på å halde og aktivitet framover ser svært viktig.

Digitale konsultasjonar i Helse Vest: Bruk av video i Helse Førde viser 2,7 prosent, som er gode tall samanlikna med andre føretak.

Resultat per april:

Resultat til no i år er påverka av lågare aktivitet enn planlagt og høgt sjukefråvær.

Resultat i perioden er negativt med 4,8 millionar, som er 7,3 millionar svakare enn budsjett.

Aktivitet innan både somatikk og psykisk helsevern er lågare enn budsjettert, og påverkar inntektssida negativt. Varekostnadene i perioden er høgare enn budsjett, men det er mindreforbruk på medikament. Løns- og personalkostnadene er i perioden 5,6 millionar høgare enn budsjett.

Resultatet til no i år er minus 15,3 millionar kroner, som er 25,3 millionar bak budsjett.

Det er budsjettert med ei årsresultat på 30 millionar. Det er størst risiko innan ISF-inntekter og personalkostnader.

Førebels tall for føretaka i Helse Vest vart presentert.

HR-direktør Skjelten orienterte om status for sjukefråvær Helse Vest pr oktober – mars. Helse Førde har lågast tall av føretaka i Helse Vest.

Sjukefråværet i Helse Førde pr klinikk hittil i april vart presentert.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om Prognose 1.

Avvik mot budsjett viser estimat 60 millionar.

Prognose 1 for klinikkane vart presentert.

Utfordringsbildet og fokus framover vert:

- Inntektssida i sengepost Medisinsk klinikk
- Lønnskostnader i Kirurgisk klinikk og Medisinsk klinikk

Adm. direktør Varden presiserte at målet er å nå resultatkravet. Vi har meir kunnskap og oversikt til neste styremøte.

Styreleiar Krakhellen oppsummerte med at styret vil avvente til neste orientering om trenden og den økonomiske utviklinga. Vi kan då sjå på utfordringar og tiltak.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per april 2022 til vitende.

Sak 026/2022 Økonomisk langtidsplan 2023-2027**Oppsummering:**

Økonomisk langtidsbudsjett for Helse Førde HF for perioden 2023-2027 syner at føretaket har berevne til å halde investeringsbudsjettet framover. Administrerande direktør vil peike på at det like fullt er eit budsjett som vil krevje mykje av organisasjonen. Det er fleire avvegingar og usikkerheitsmoment som vil verte krevjande å handtere både på kort og lang sikt. Det er krav til omstilling i drifta for å møte det framtidige behovet til innbyggjarane i Helse Førde sitt opptaksområde. Samtidig medfører dette behov for investeringar, og dermed krav til innsparing for å sikre berevne.

Helseføretaka skal styrke tilbodet innan psykisk helse, og det skal utarbeidast ein ny opptrappingsplan som mellom anna skal sikre auka kapasitet i spesialisthelsetenesta og hindre nedbygging av sengeplassar. Det skal særskilt satsast på tilbod til barn og ungdom, og til pasientar med samtidige psykiske lidningar og ruslidningar.

Adm. direktør Varden innleia om fristar/framdrift i økonomisk langtidsplan, og om drøftingsprotokoll frå tillitsvalde og vernetenesta.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om økonomisk langtidsplan (ØLP)

- Vesentlege forhold og endringar frå førre ØLP
- Resultat- og innsparingskrav Helse Førde HF
- Oversikt endringar
- Tabell økonomisk langtidsplan 2023-2027
- Innsparing
- Finansieringsgrunnlag

Styret takka for gode sakspapir og god saksframstilling.

Adm. direktør Varden sa at drøftingsprotokollen er krevjande. Spesielt innan Psykisk helsevern. Vi må ha gode dialogar med tillitsvalde.

Framlegg til vedtak:

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023-2027 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

Nestleiar Faugstad la fram nytt tilleggspunkt:

Styret har merka seg drøftingsprotokoll frå tillitsvalde med innspel til økonomisk langtidsplan, og ber om at innspelet blir teke med i det vidare arbeid.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg til vedtak, med nestleiar Faugstad sitt tilleggspunkt vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret syner til saksframlegget og vedtek økonomisk langtidsplan for Helse Førde HF for perioden 2023-2027 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.

Styret har merka seg drøftingsprotokoll frå tillitsvalde med innspel til økonomisk langtidsplan, og ber om at innspelet blir teke med i det vidare arbeid.

Sak 027/2022 Revisjon av inntektsfordelingsmodellen prehospitala tenester**Oppsummering:**

Helse Vest sette i november 2021 ned ei prosjektgruppe for å vurdere prinsipp for fordeling av inntekter til prehospitala tenester.

Mandatet til inntektsutvalet var å vurdere prinsipp for fordeling av inntekter til prehospitala tenester mellom helseføretaka i Helse Vest. Prehospitala tenester består av ambulanse og pasienttransport. Det er eit mål at inntektsmodellen skal vere basert på objektive kriterium som definerer behovet for tenestene, samt at modellen skal ta omsyn til meirkostnader som følgje av strukturelle forhold som føretaka ikkje kan påverke.

Helse Førde vil få styrka ramma i ny modell med 42,9 millionar kroner.

Adm. direktør Varden innleia om inntektsfordelingsmodellen, med mandat og vesentlege forhold.

Økonomidirektør Hellesteth orienterte om inntektsfordelingsmodellen.

- *Mandat og vesentlege forhold*
- *Omfordelingseffekt, med auka ramme på 42,9 millionar til Helse Førde*

Styret gav honnør til dei to direktørane frå Helse Førde som har delteke i utvalet.

Framlegg til vedtak:

Styret støtter utvalet sitt forslag til ny inntektsfordelingsmodell for prehospitale tenester i Helse Vest, men med følgende kommentar:

1. Styret oppmodar Helse Vest til å vurdere beløpet som blir fordelt gjennom denne modellen, årleg. Behovet innanfor somatikk, psykisk helsevern og prehospitale tenester kan utvikle seg ulikt framover. Grunnlaget i fordelinga mellom inntektsmodellane byggjer på at faktisk fordeling av ressursar mellom tenesteområde reflekterer behovet i befolkninga. Dette føreset jamleg oppdatering av beløpa som vert fordelt i dei ulike modellane.
2. Styret oppmodar Helse Vest til å bruke ny modell for budsjettåret 2023. Eventuelle overgangsordningar må Helse Vest løyse i lag med aktuelle føretak.

Styret hadde nytt framlegg til punkt 2:

Styret meiner Helse Vest bør ta i bruk ny modell frå og med budsjettåret 2023.

Votering:

Adm. direktør Varden sitt framlegg punkt 1, med styret sitt endringsframlegg punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak (samrøystes):

Styret støtter utvalet sitt forslag til ny inntektsfordelingsmodell for prehospitale tenester i Helse Vest, men med følgende kommentar:

1. Styret oppmodar Helse Vest til å vurdere beløpet som blir fordelt gjennom denne modellen, årleg. Behovet innanfor somatikk, psykisk helsevern og prehospitale tenester kan utvikle seg ulikt framover. Grunnlaget i fordelinga mellom inntektsmodellane byggjer på at faktisk fordeling av ressursar mellom tenesteområde reflekterer behovet i befolkninga. Dette føreset jamleg oppdatering av beløpa som vert fordelt i dei ulike modellane.
2. Styret meiner Helse Vest bør ta i bruk ny modell frå og med budsjettåret 2023.

Saker til orientering:**Sak 028/2022 Samhandling – halvårleg rapportering****Oppsummering:**

Sogn og Fjordane helsefelleskap vart etablert ved utgangen av fjoråret. Vi er no i startfasen med arbeidet i helsefelleskapet gjennom dei etablerte

samhandlingsarenaene partnerskapsmøte, strategisk samarbeidsutval og fagleg samarbeidsutval. Helseføretaket og kommunane skal etablere god samhandlingskultur og møtast som likeverdige partnarar i helsefellesskapet.

Helsefellesskapa vart oppmoda om å sende felles innspel til Nasjonal helse- og sjukehusplan 2024 – 2027. Sogn og Fjordane helsefellesskap valde å sende inn eit felles innspelsdokument.

To store arbeid er starta opp i helsefellesskapet, og skal arbeidast med vidare framover:

- Revisjon av avtaleporteføljen
- Planlegging av tenestene til dei fire prioriterte pasientgruppene; barn og unge, skrøpelege eldre, personar med fleire kroniske lidingar og psykisk helse og rus.

Felles arrangement i helsefellesskapet er Erfaringskonferanse psykisk helse og rusarbeid (vår 2022) og Samhandlingskonferansen 2022 (haust 2022).

Samhandlingssjef Kyrkjebø orienterte om rapportering frå samhandling:

- *Samhandling i styringsdokumentet*
- *Fire viktige målgrupper*
- *Sogn og Fjordane helsefellesskap framover*
 - Sette retning på faglege satsingar:*
 - *Psykisk helse og rus*
 - *Barn og unge*
 - Støtte opp om pågåande arbeid:*
 - *Skrøpelege eldre*
 - *Pasientar med fleire kroniske sjukdomar*

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si orientering om status samhandling til vitende.

Sak 029/2022 Nye Førde sjukehus - løypemelding

Oppsummering:

Prosjekt Nye Førde sjukehus er i god rute med å gjennomføre planlagt arbeid, både for ombyggingsarbeid og nybygget. Samarbeidet og dialogen med totalentreprenør Veidekke, tekniske underentreprenørar, rådgjevar og arkitekt er god.

Sjukefråvær knytt til covid har gjort at framdrifta i Svana 1 er ca. ei veke etter planen, men milepåle for innflytting vil bli nådd.

Økonomisk status er uendra i høve til tidlegare rapportering til styret.

Det har i Nye Førde sjukehus ikkje vore inne planar om solcelleanlegg på taket av Livabygget. Ei løysing med solceller er utgreidd, men det er ikkje funne rom for å ta dette inn i prosjektet no.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek løypemeldinga til vitende.

Sak 030/2022 Eventuelt

Styreleiar Krakhellen orienterte om at det kan bli eit styreseminar og styremøte i Bergen, dette for å sjå på kjeden opp mot regionalt. Forslag til tema kan sendast til administrasjonen.

Adm. direktør Varden orienterte om at neste styremøte vert i Lærdal sjukehus, med ei omvisning.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt til styret:

- Samhandlingsnytt mars 2022
- Ukom-rapport «To år med pandemi – status for det psykiske helsetilbudet til barn og unge»
- Spesialisthelsetenesta sin rapport for samfunnsansvar 2021

Følgjande skriv og meldingar var utdelt i møtet:

- Protokoll frå drøftingsmøte vedr. utkast til Økonomisk langtidsplan for Helse Førde 2023-2027
- Høyring – Ny konkurranse om ruteflygingar frå 1. april 2024
- Protokoll frå føretaksmøte i Helse Førde HF 3. mai 2022

Ref. Berit Irene Haarklau
13.05.2022

| | |
|------------------------|------------|
| Ole Gunnar Krakhellen | Styreleiar |
| Anne Sissel Faugstad | Nestleiar |
| Aud Ingrid Espeland | Medlem |
| Reidar Sandal | Medlem |
| Thomas Vingen Vedeld | Medlem |
| Marit Hermansen | Medlem |
| Ivar Eriksen (sett) | Medlem |
| Lena Thorsnes | Medlem |
| Randi Aven | Medlem |
| Ole-Magnus Kapstad | Medlem |
| Kari Sunde Kvile | Medlem |